

# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 7 | November 1978 | 32. årg.

## Week-end



Rune Karlsen og Trond Hagen i ferd med å dra eit tungt lass ser det ut for. Dei som utgjer lasset er: Eidrun Straume, Knut Brørvik, Heidi Rongved, Anne (fra Fredrikstad).
Sjå side 2.


* INTERVJU MED RES. KAP. LOFTHUS (s 4—5)
* PROBLEMER I EKTESKAPET? (s. 3)
* GERDA RASMUSSEN TIL MINNE (s. 7)
* FORGIFTEDE PILER (s. 5)

# Peisbål og Guds ord på Kvamshaug

Staden var leirplassen Kvamshaug. Tida 22.—24. september. Week-end for alle yngreslaga i Vaksdal kommune. Det skulle vere for alle medlemene i yngres, men berre 15 glade, leirlystne folk møtte opp. Når det er omtrent fifty fifty med deltakarar og leiarar, kan det verta moro då? Om det kan?! Det kan det, og det kan underskrivne skrive under på til det ikkje er meir blekk att i pennen. No skal du få høyre kva yngresfolk som ikkje var der gjekk glipp av. Fredag 22.9.: Då det var så få deltakarar og i mangel av buss trilla yngresfolka i privatbilar mot Kvamshaug på Kvamskogen. Det aller fyrste ein må gjere når ein kjem fram på leir er å innta fast føde. Det gjorde me, for utan mat og drikke duger yngresfolk ikkje.

Fredagskvelden var mørk og kald. Fyr på peisen skapte varme og med knitringa frå peisen i bakgrunnen deltok me i Stamnes Y. A. sitt program for kvelden. Stemninga vart som den kan verte når humøret vert fyrt opp under av pompingar og peisvarme.

Laurdagen rann opp med gråver og regn i atmosfæren, men det grein me ikkje for. Det einaste merkelege med slike leirmorgonar er å verta vekt med gongongslag. Ein lite human metode. Bibeltime laurdag føremiddag stod på programmet. Emnet var: *Dei unge og Bibelen.* Etter bibeltimen måtte me ut og lufte vitet med ein tur på landevegen. Fiskekaker smaker godt etter ein slik tur. Volleyball i sørpe og regnver vart det spelt medan andre tok seg ein middagslur.

Gruppemøter er viktig for å utveksle idear, snakke om felles problem og diskutere. Gruppemøtene laurdag gjekk ut frå emnet i bibeltimen før på dag. Ikkje alle slit ut kjevemusklane sine når dei samlast i grupper, men det er merkeleg kor ivrig ein kan verta når ein snakker om erfaringer. Gud inspirerer og hjelper ved at mennesker deler erfaringer og problem med kvarandre.

Laurdagskveld vart det på Kvamshaug denne helga også. Vaksdølingane stod ansvarlege for det som skjedde denne kvelden. Folk slo seg laus og viste at der er ein klovn og kunstnar i kvart eit menneske.

Sundag var ein kort dag. I få trekk: Samling om føremiddagen der me fekk høyre om den unge rike mannen i Bibelen. Folk vitna og sang om den felles Frelsar me var samla om. Rett etter middag reiste dei fyrste og sa takk for seg.

Fleire slike week-ender må de ikkje gå glipp av, folk! Ingen andre plasser får du ha det så moro og høyre så mykje om Jesus Kristus som på leir.

Eit ord til alle foreldre som har unge yngresfolk: Når det er yngres week-end så riv ungane or stakken og jag dei på dør til leir. Det har heile mennesket godt av for Jesus har tross alt omsorg for heile mennesket.

*Kjell Gunnar Kvamme.*



**KYRKJEBLAD**
FOR VAKSDAL PRESTEGJELD
Bladstyrar:
Magne O. Steinnes, 5270 Vaksdal.
Medarbeidarar:
Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og
Magne Hesjedal.
Kasserar:
Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.
Postgiro 5 72 34 73.
Bankgiro 3500.50.13117.
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.
Bladpengar kr. 10,00 for året.
Eksped. og trykk:
Øystese & Co. Trykkeri
5610 Øystese. — Tlf. 540.

# Kirkens Familierådgivning

Det finnes to kirkelige familierådgivningskontorer i Bergen, Kirkens Familierådgivning Biskopshavn og Bjørgvin Bispedømmeråds Familierådgivningskontor.

I kontorenes retningslinjer heter det bl. a.: Virksomheten bygger på kristne verdinormer med respekt for individet og dets integritet, og den tar sikte på å hjelpe klientene ut fra deres egne forutsetninger — uansett sosial status, livsførsel, religiøs tro eller politisk oppfatning.

Ektepar, hele familier, separerte og fraskilte eller andre som er i en vanskelig livssituasjon kan søke kontoret for opplysning, veiledning og mer omfattende hjelp. Ingen problemer er for små dersom de føles vanskelige. Det kan dreie seg om uoverensstemmelser og konflikter mellom ektefeller eller i familien. F. eks. seksuelle problemer, bekymringer i forbindelse med svangerskap, forskjellige følger av sykdom, misbruk av alkohol og narkotika eller mer generelle problemer som kontaktløshet, stadig uenighet og krangel, vansker med å snakke sammen eller andre ting som gjør at en føler behov for hjelp.

For de fleste av oss er det en overvinnelse å søke hjelp på denne måten. Ikke desto mindre vil det som regel være større mulighet for å gjøre noe med situasjonen dersom den ikke har utviklet seg for langt.

Kontorene har tilknyttet gynekolog, lege, psykiater, psykolog, sosionom, prest og jurist som arbeider i team.

De som arbeider ved kontorene har taushetsplikt. All hjelp som ytes er gratis.

## „Tenk når engang"

Gerda Rasmussen har etterlatt seg en liten skatt av åndelig sanger.

Det kan passe å ta frem disse vers:

*«Tenk når engang jeg trykke får*
*de naglemerkte hender,*
*får takke ham for vunder, sår,*
*han fikk for mine synder.*
*Tenk aldri mere såre ham,*
*Guds eget dyre offerlam.*

*Tenk når engang jeg frelst og glad*
*i Himlens sale vandrer.*
*Mon jeg får se de venner da*
*som ofte her jeg savner.*
*Tenk evig være sammen der*
*hos Gud og frelseren så kjær.»*

Ja, slik kan bare den skrive som lever i håpet om et frelst og salig liv på den andre side. Slik kan bare den skrive som vet at Jesus Kristus er veien, sannheten og livet.

Vi lyser fred over Gerda Rasmussens minne.

*Dagfinn Lofthus.*

# „Jeg trodde Gud ville ta fra meg alt"

Dei ulike kyrkjelydane har etter kvart ynskt den nye res.kap. velkomen. Søndag den 1. oktober vart Lars Dagfinn Lofthus innsett som ny res.kap. i Vaksdal av prost Østtveit. Kyrkjekoret song og sokneråds formann Jacob Kalleklev ynskte han velkomen. Samstundes innba han til kyrkjelydsfest og her ynskte barnekor og ungdomskor velkomen på si vis. Leidarane for dei ulike aktivitetane vart vidare presentert og det var ikkje så få då dei alle vart oppstilt. Søndagen etter var det innsetjing og kyrkjekaffe på Dale og soknerådsformann Lasse Vassenden kom med gode velkomstord. På Stamnes vart den årlege konfirmantfest nytta som velkomstfest. Saman med eit fullsett bedehus av fjorårets konfirmantar og 50 års konfirmantar og kyrkjelyden elles, vart det eit riktig festsamvær med både alvor og humor. Ekstra festleg er det alltid når 50 års konfirmantar vert intervjua om tilhøva før «skulestreikane og bortebuarstipendanes tid». Soknerådsformann Karsten Kulshammer ynskte både på festen og på innsetjingsgudstenesta dagen etter velkomen til Lofthus. Me visar til intervju.

I en samtale med den nye res. kap. i Vaksdal, Dagfinn Lofthus, forteller han litt om sin bakgrunn:

— Jeg er født i Bergen, men mine foreldre var innflyttere. Min morfar var fra Hernes og het Hernes, så jeg har noen av mine slektsrøtter fra den nærmeste omegn. En del av slekten fra Hernes havnet i Amerika, men min morfar flyttet til Bulken og derfra er min mor. På farssiden kommer slekten fra Sørfjorden i Hardanger, men far kommer fra Øystese. Min farmor var fra fjellgården Skår i Fyksesund.

— Du er altså kommet tilbake til mer hjemlige forhold. Hvordan tror du at du vil trives her på Vaksdal?

— Jeg har de siste årene vært i Bodø som lektor ved lærerskolen, i Trøndelag som stiftskapellan og i Sunnfjord som sokneprest. Jeg tror jeg vil trives bra her på Vaksdal. Jeg liker godt både natur og folkelynne her på Vestlandet. Og i Vaksdal har vi et variert arbeidsliv. Fra gammelt av har det vært stor interesse for sang- og musikkliv, noe som kommer kirkelivet til gode.

— Kan du si noe mer om din åndelige bakgrunn og utvikling?

— Ja, da blir det mer personlig. Jeg har alltid hatt en sterk tilknytning til kristendommen og har hatt mange forbedere. I ungdomsårene merket jeg hvordan Gud stadig kalte på meg til omvendelse og tjeneste. Men jeg trodde visst som mange andra at Gud ville ta fra meg alt som jeg gledet meg over i livet. Ja, det er så mange misoppfatninger ute og går. Men da jeg var 22 år, klarte jeg ikke å stå imot Guds kall lenger. Og jeg angrer ikke på det. Jesus Kristus og det kristne fellesskap som jeg fikk oppleve, gjorde livet rikere for meg.

— Hvilke tanker gjør du deg om prestegjerningen?

— Både prester og andre forkynnere kan ha litt forskjellige oppgaver og nådegaver. I Bibelen leser vi om hyrder, lærere og evangelister. Det jeg har følt som det viktigste for meg er at jeg forkynner evangeliet om Jesus Kristus og omvendelse og syndsforlatelse i hans navn. Dessuten må vi vel mer enn før forsøke å styrke bibelkunnskapen og kristendomskunnskapen også i menighetsog organisasjonssammenheng. Både bibelgrupper og bibeltimer kan være tjenlige redskaper. Den åndelige samtale bør vi holde ved like. Jeg vet at det også er mulig å la enkelte misjonsforeninger fungere som bibelgrupper. Selv har jeg også tenkt litt på om vi ikke kunne legge en del bibeltimer eller bibelkurs til lørdag formiddag i stedet for å legge alt til kveldstimene.



— Hva mener du ellers om norsk kirkeliv?

— Kirkelivet i Norge er veldig mangfoldig og rikt. Det skyldes ikke minst vekkelsene i forrige århundre og det rike frivillige arbeid som vokste frem i vekkelsens spor. Selv har jeg hatt sterk tilknytning til bedehusets evangeliske vekkelsesmiljø og har den dypeste kjærlighet til det evangeliske frivillige arbeid. Jeg er tilhenger av full frihet og selvstendighet for organisasjonsarbeidet i forhold til kirkens offisielle organer, men alle kristne står sammen i et stort fellesskap som sprenger alle grenser og kan gå sammen om den oppgave å vinne mennesker for Gud. De evangeliske aksjoner i menighetssammenheng er eksempler på at dette er mulig. Og den store Grahamaksjonen viser at alle evangeliske kristne står sammen på evangelisk grunn.

— Hva med nye midler og metoder i menighetsarbeidet?

— Jeg ser det slik at Guds rike kan tåle nokså ulike midler når en klar fornyelse på Bibelens grunn står i sentrum.

— Hvordan ser du på dåpsundervisningen i kirken?

— Jeg tror at mange trenger litt mer syn for at det er mulig for et barn å bli stående i sin nådepakt med Gud. Men Gud kaller etterhvert også barnet til å si ja til Jesus og slik gå over til en bevisst kristenstand. Det kristne barne- og ungdomsarbeid skal hjelpe barnet til å si ja så tidlig som mulig og det skal hjelpe de som har sagt ja til å bli bevart. Når vi ser det slik er det ingen motsetning mellom vekkelseskristendom og en kristendom med syn for opplæring på dåpens grunn.

Ja, mye av det jeg nå har sagt er vel litt «teologisk». Og jeg vil derfor til slutt si at vi teologer ofte er meget opptatt av teologiske spørsmål. Men vi har alle et hovedproblem og dette kan bare Kristus løse for oss. Som et vitne om Guds kjærlighet og det som Gud har gjort til vår frelse har jeg et budskap som angår alle mennesker. Det gir meg frimodighet til å ønske alle velkommen til kirke.

## Forgiftede piler

Etter Davids seier over kjempen Goliat i «Herren hærskarernes Guds navn» ble han og Saul ved hjemkomsten møtt av dansende kvinner, som i seiersglede sang «Saul har slått sine tusener men David sine titusener.» Den dagen skjøt Satan en pil i Saul's hjerte, som var dyppet i misunnelsens gift. Det førte til livslangt hat og forfølgelse etter den tapre gjetergutten fra Betlehem. Det er både interessant og lærerikt å lese første Samuels bok, samtidig skremmende å se syndens makt. — Gang på gang ydmykes Saul, lik Farao i Egypten, så det gode fikk overtaket en stakket stund. Men igjen reiser de sataniske krefter seg til dyst. Jonatans vennskap demper ikke hatet, tvert imot. Under misunnelsen lever angsten for å miste kongemakten.

Da vismennene fra Østen kom til Jerusalem og spurte etter kongebarnet som skulle være født, ble Herodes rammet av den samme forgiftede pil. Virkningen ble godt kamuflert under skinn av tilbedelse, men bare for en stund. Straks han forstod at han var lurt av de fremmede, falt masken. Angsten for å miste herskermakten, skapte panikk. Det får nesten et strøk av komikk, at den mektige Herodes skjelver for et barn under to år. Men barnet var tross alt et kongsemne. — Best å kvitte seg med det. Han gikk grundig til verket, mente han selv. —

Far i himmelen hadde barnet sitt i varetekt, langt fra Betlehem, på den onde dag.

*Johanne B. Helle.*

**Ekspedisjonstider ved våre kontor:**

| DALE, telefon 2421 | Frå | Til |
|---|---|---|
| Måndag, tysdag, | | |
| onsdag og fredag | 8.30 | 15.00 |
| Torsdag .. .. .. | 10.00 | 17.30 |
| VAKSDAL, telefon 3605 | | |
| Tysdag og fredag | 8.30 | 15.00 |
| Torsdag .. .. .. | 10.00 | 17.00 |
| STAMNES, telefon 8015 | | |
| Måndag .. .. .. | 9.30 | 14.00 |

**Bruvik Sparebank**
*Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella*

**Stamnes Handelslag**
**STAMNESHELLA**

**Dale Handel f)rening**
**Dalekvam**

**TOMAS UTSKOITS**
SKOFORRETNING
**Dalekvam**

RADIOSPECIALEN A/S
Tlf. 2240 DALKEVAM
**RADIO — TV**
**Reparasjonsverkstad**

BØKER — PAPIR — BIBLAR
SALMEBØKER- SANGBØKER
**EIDE & PETERSEN A/S**
**Tfn. 2258 DALEKVAM**

**K. SEIM**
***Kolonial & Delikatesse***
**Tlf. 2323 DALEKVAM**

**BRUVIK HANDELSLAG**
***Ass. Landhandel og Bakeri***
FILIAL SKAFTÅ

**Arth. og Arne Vaksdal**
**HANDEL**
**Tlf. Dalekvam 2348 — 2161**
**Stanghelle — Vaksdal — Dale**

**Vaksdal koop. Handelslag**
**VAKSDAL**
**Telefon: Kontor 3712. Snarkjøp 3710.**
**Kjøp i Dykkar eigen forretning**



# GERDA RASMUSSEN til minne



Gerda Rasmussen er gått bort. Hun var godt kjent her på Dale da hun drev en liten kortevareforretning i mange år. Men interessene hennes var helst i det kristelige arbeid. Sang og musikk var hun spesielt glad i. Hun har selv skrevet en hel samling av kristne sanger, og boken «Guds ord, vår ledestjerne» kommer fra hennes hånd. Hun stiftet også en Israelmisjonsforening som hun var leder av i mange år. La oss ta med en spesiell hilsen fra Israelsmisjonens venner:

No er du borte — men minner vi har
fra mange stunder vi var ilag
den gong du starta vårt Israel
gjekk inn for kallet med liv og sjel.

Så mang ei feststund i ny og ne
du tur til Israel tok oss med
vi lika høyra om dette folk
og du fortalde og var vår tolk.

Vi vart velsigna fyllt av Guds Ånd
av ord i songen så mang ein gong
og godt det var at vi alle visste
du hadde oss på di bøneliste.

*Thea Brudvik.*

# Frå kyrkjebøkene

### DØYPTE

**Dale:**
Jostein Dalseid, fødd 25.6.1978, døypt 17.9.
Christer Eik, fødd 14.7.1978, døypt 8.10.

**Vaksdal:**
Nils-Lennart Dalheim, fødd 18.6.1978, døypt 24.9.
Tone Hisdal, fødd 27.6.1978, døypt 24.9.
Beate Stamneshagen, fødd 30.7.1978, døypt 1.10.

### VIGDE

**Dale:**
Steinar Rune Lilletvedt og Hildegunn Langhelle, vigde 16. sept. 1978.

**Vaksdal:**
Tore Oma og Eldbjørg Boge, vigde 16.9.1978.
Jarle Henning Kleiveland og Evelyn Langhelle, vigde 7.10.1978.

### AVLIDNE

**Dale:**
Augusta Vassdal, f. 4.10.1890, d. 26.9. 1978, gravlagd 30.9.
Olav Mikal Langhelle, f. 2.5.1908, d. 27.9.1978, gravlagd 3.10.
Anna Kvamme, f. 16.2.1911, d. 28.9. 1978, gravlagd 6.10.
Gerda Rasmussen, f. 13.3.1898, d. 9.10. 1978, gravlagd 14.10.

**Vaksdal:**
Anna Rongved, f. 5.3.1898, d. 23.9. 1978, gravlagd 28.9.1978.

**Stamnes:**
John O. Strømme, f. 12.9.1894, d. 18.9.1978, gravlagd 23.9.
Nils J. Stamnes, f. 26.12.1895, d. 28.9. 1978, gravlagd 4.10.

**Eidsland:**
Gjertrud Almås, f. 3.4.1904, d. 8.9. 1978, gravlagd 14.9.

# Velkomen til kyrkje

*Helgemessesundag, 5. nov.* (Matt. 5, 13—16)

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Familiegudsteneste. Ungdomskoret «Fides». Utdeling av «Mi kyrkjebok». Offer til Institutt for Kristen Oppseding.

Nesheim kyrkje kl. 11.30. Res. kap. Lofthus. Innsetjings- og familiegudsteneste. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Offer til sokneràdsarbeidet.

*26. s. e. pinse, 12. nov.* (Luk. 17, 20—24.)

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Lofthus. Familiegudsteneste. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Song av Ungdomskoret. Offer til Yngreslaget.

Dale kyrkje kl. 19.00. Res. kap. Lofthus. Kveldsgudsteneste. Nattverd.

*27. s. e. pinse, 19. nov.* (Matt. 13, 31—33.)

Eidsland kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Familiegudsteneste. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Vaksdal kyrkje kl. 18.00. Kveldsgudsteneste. Sokneprest Steinnes.

*Siste søndag i kyrkjeåret, 26. november.* (Matt. 25, 31—46.)

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Offer til Bispedømmerådet.

Flatekval kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Lofthus. Innsetjingsgudsteneste. Nattverd.

*1. s. i advent, 3. des.* (Jes. 62, 10—62.)

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Lofthus. Nattverd. Offer til Misjonssambandet. Song av Ungdomskoret «Fides».

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Song av Stamnes Damekor. Nattverd.

Dale kyrkje kl. 18.00. Lysmesse. Barnekoret syng.

*2. s. i adv., 10. des.* (Luk. 21, 25—33.)

Dale kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Lofthus. Nattverd.

Nesheim kyrkje kl. 11.30. Sokneprest Steinnes. Kyrkjekonsert. Offer til N.M.S. Song av Eksingedalen bl.kor og Eksingedalen ten-sing.

Sjå eventuelle endringar i Vaksdalsnytt.

**Voss Samvirkelag**

**Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET**

**Avd. 15 — 5296 EKSINGEDALEN**

**Hausvik og Faugstad A/S**

**Vaksdal**

**Telefon 3603.**

**A. L. VATLE**

**DALE**

Kjøtt, pølser og påleggsvarer

Frukt og grønnsaker

**Dale Fabrikkutsalg**

**5280 Dalekvam**

**Telefon Dalekvam 2261**

**Tekstilvarer — Sengetøy**

**Bomull og ull metervarer**

**Strikke- jakker og gensere**

**Fast kontortid på prestekontoret:**

Dale onsdag 10.00—12.00.
fredag 15.30—17.00
Telefon 22 20.

Vaksdal torsdag 10.00—12.00.
Telefon 36 88.

Mandag er prestens fridag. Når det gjeld vigsler og gravferder, har prestane kvar si tenesteveke, så langt som råd er.